



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/852 - 19/12973

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.04.2019

## Avgjerd om utsatt iverksetting for søknad om etablering av bustad - gbnr 179/9 Leivestad nordre

**Tiltak:** bustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 179/9 Vassbygdvegen 893  
**Tiltakshavar:** Raymond Aase  
**Ansvarleg** Arkoconsult AS  
**søklar:**

Vi syner til sak vedkomande søknad om gjenoppbygging av brannskada bustad. Det vart gjeve rammeløyve og dispensasjon i administrativt vedtak den 12.04.2019. Dette vedtaket er som de er gjort kjent med, påklaga av Statens Vegvesen.

**Det meldes med dette om utsatt iverksetting i denne saka inntil klagen er ferdig handsama.**

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Det er i denne saka klaga på dispensasjon i frå byggjegrænse mot veg for plassering av bustad. Endeleg avgjerd av dispensasjonsvedtaket får innverknad på bustaden sin plassering og kan medføre at bygget må endra plassering som følgje av klagebehandlninga.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.



Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN